



Innkalling av Administrasjonsutval

Møtedato: 01.12.2021
Møtestad: Rådhuset Knarvik, kantina
Møtetid: 09:00 - 11:00

Eventuelle forfall må meldast til Tove-Mette Arnø Fyllingen per tlf. 47464145, sms til eller per epost til tove.mette.fyllingen@alver.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
032/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
033/21	Godkjenning av møteprotokoll
034/21	Økonomiplan 2022 - 2025

24. november 2021

Øyvind Oddekalv
møteleiar

Tove-Mette Arnø Fyllingen
møtesekretær

Arkiv: <arkivID><jplD>
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 24.11.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
032/21	Administrasjonsutval	01.12.2021

Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Arkiv: <arkivID><jplD>
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 18.11.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
033/21	Administrasjonsutval	01.12.2021

Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent.

Vedlegg i saken:

10.11.2021 Protokoll - Administrasjonsutval - 10.11.2021

1639374



Møteprotokoll for Administrasjonsutval

Møtedato: 10.11.2021
Møtestad: Alver rådhus, kantina
Møtetid: 09:00 - 10:30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Øyvind Oddekav	AP	Utvalsleiar
Sara Hamre Sekkingstad	SP	Nestleiar
Nils Marton Aadland	H	Medlem
Silje Fanebust	NSF	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Maria Færø	UAVH	Medlem
Liv Berit Haukås	FAGF	Medlem
Jarle Næss	UDF	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Cato Mikal Tangen	FAGF	Liv Berit Haukås

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Christina Løtveit Fosse-tenesteleiar, Kathrine Martinsen-HR-leiar, Linn Kolstad-fagansvarleg HMS, Lisbeth Toppe Alvær-kommunalsjef, Lisbeth Vabø-rådgjevar, Martin W. Kulild-ass.rådmann, Tove-Mette Arnø Fyllingen-sekretær, Ørjan Raknes Forthun-rådmann

Sakliste

Saknr	Tittel
025/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
026/21	Godkjenning av møteprotokoll
027/21	Presentasjon av prosjekt knytt til heiltidskultur
028/21	Kostnader/kostnadsbilde knytt til utprøving av heiltidskultur - presentasjon
029/21	Fraværstatistikk
030/21	Avviksrapportering
031/21	Melding/orientering til administrasjonsutvalet 10.11.2021

025/21: Godkjenning av innkalling og saksliste
Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og saksliste vert godkjent.

Administrasjonsutval 10.11.2021:
Handsaming
Ingen merknader, samrøystes.

ADM- 025/21 Vedtak:
Innkalling og saksliste er godkjent.

026/21: Godkjenning av møteprotokoll
Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Møteprotokollen vert godkjent.

Administrasjonsutval 10.11.2021:
Handsaming:
Ingen merknader, samrøystes.

ADM- 026/21 Vedtak:
Møteprotokollen er godkjent.

027/21: Presentasjon av prosjekt knytt til heiltidskultur
Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Meldinga vert teke til orientering

Administrasjonsutval 10.11.2021:
Handsaming:
Orientering ved HR-leiar Kathrine Martinsen og tenesteleiar Christina L.Fosse.
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

ADM- 027/21 Vedtak:
Meldinga er teke til orientering

028/21: Kostnader/kostnadsbilde knytt til utprøving av heiltidskultur - presentasjon
Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Meldinga vert teke til orientering

Administrasjonsutval 10.11.2021:
Handsaming:
Framlegg:
Administrasjonsutvalet ber rådmannen førebu ei sak om mandat og finansiering av prosjekt heiltidskultur til formannskapet i desember.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

ADM- 028/21 Vedtak:
Administrasjonsutvalet ber rådmannen førebu ei sak om mandat og finansiering av prosjekt heiltidskultur til formannskapet i desember.

029/21: Fraværstatistikk
Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Meldinga vert teke til orientering

Administrasjonsutval 10.11.2021:

Handsaming:

Orientering ved fagansvarleg HMS, Linn Kolstad.
Rådmannen sitt framlegg vat samrøystes vedteke.

ADM- 029/21 Vedtak:

Meldinga er teke til orientering

030/21: Avviksrapportering

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldinga vert teke til orientering

Administrasjonsutval 10.11.2021:

Handsaming:

Orientering ved rådgjevar Lisbeth Vabø.
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

ADM- 030/21 Vedtak:

Meldinga er teke til orientering

031/21: Melding/orientering til administrasjonsutvalet 10.11.2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldinga vert teke til orientering.

Administrasjonsutval 10.11.2021:

Handsaming

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

ADM- 031/21 Vedtak:

Meldinga er teke til orientering.

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-145
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 19.11.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
050/21	Eldreråd	29.11.2021
052/21	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	29.11.2021
	Ungdomsråd	
034/21	Administrasjonsutval	01.12.2021
	Alver formannskap	
	Alver kommunestyre	

Økonomiplan 2022 - 2025

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Investeringsbudsjettet for 2022 og for økonomiplanperioden 2022-2025 blir vedteke jfr. bevillingsoversikt Investering etter § 5-5. Budsjettet er basert på forventa framdrift på tidlegare vedteke prosjekt, i tillegg til nokre nye mindre prosjekt. Sum investeringsutgifter i 2022 vert budsjettert med 272 463 000 kr. Bruk av lånemidlar vert budsjettert med 215 788 000, og av dette er kr 170 000 000 opptak av nye lån og resten vert finansiert med ubrukte lånemidlar. Øvrig finansiering framgår av bevillingsoversikta.
2. Økonomiplan for 2022-2025 og årsbudsjett for 2022 blir vedteke, jfr. Bevillingsoversikt drift §5-4 og økonomisk oversikt drift §5-6. Årsbudsjettet for 2022 blir vedteke med sum netto driftsrammer for dei sju sektorane, jf. eigen tabell.
3. Rådmannen får fullmakt til å fordele sentralt avsett lønsauke til sektorane når årets lønsforhandlingar er gjennomført.
4. For skatteåret 2022 skriv Alver kommune ut eigedomsskatt etter eigedomsskattelova §§ 2 og 3 første ledd bokstav c, «berre på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattreglane for petroleum», slik bestemmelsen lyder frå 1. januar 2019. Skattesatsen er 7 promille, jf. eigedomsskattelova §§ 10 og 11. Alver kommune vil i 2022 skrive ut eigedomsskatt på «et særskilt fastsett grunnlag» i samsvar med overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4, første ledd, slik at verdien av produksjonsutstyr og – installasjonar fasast ut med 1/7 for verk og bruk som frå og med 2019 er å sjå på som næringseigedom. Det særskilte grunnlaget skal i 2022 vere lik 3/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget. Alver kommune vil i 2022 skrive ut eigedomsskatt på bygningar og grunnareal for anlegg nevnt i punktet over i samsvar med overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4, andre ledd. Eigedomsskatten skal betalast i tre terminar, jf. Eigedomsskattelova § 25.
5. Det vert gjeve ei ramme på 1 809 000 kr til kontrollutvalet.
6. Det vert gjeve eit driftstilskot til Alver kyrkjelege fellesråd på 25 959 000 inkl. dekking renter og avdrag på lånet for kyrkja i Knarvik.

7. Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.
8. Godtgjersle til ordførar var per 01.01.2021 987 997 kr og til varaordførar 592 798 kr. Løna skal regulerast per mai 2021 og 2022 i samsvar med endringar i løn til stortingsrepresentantar. Løna for 2021 er ikkje regulert ved utarbeiding av budsjett for 2022.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i råd for menneske med nedsett funksjonsevne, eldrerådet, ungdomsrådet og administrasjonsutvalet.

Saka skal til innstilling i formannskapet.

Saka skal avgjerast i kommunestyret.

Saksopplysningar:

På denne lenka ligg framlegg til budsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025:

https://pub.framsikt.net/2022/alver/bm-2022-budsjett_2022_og_økplan_2022-2025_-_framlegg/